

# EIDFJORD NYTT



**Besøk pianoet ved fjorden!**

**Nytt liv i Eidfjord Kaffistova**

**Strikkhopp med Barbie**

**Klima- og miljøarbeid i kommunen**

Laga av:  
Hedda, Line,  
Cecilie, Tora.  
19 april 2020.

## - Ordføraren har ordet -

**over eit år har koronapandemien påverka liva våre. Det er bra at me no er i gang med vaksinering og at ein ser teikn til at me nærmar oss ein normalisert situasjon.**

Eg vil takka alle i helse og omsorg for den innsatsen dei har lagt ned. Dei, i lag med reinhald, er dei viktigaste me har for å ta vare på oss om me vert sjuke. Som følgje av pandemien har dei og handtert eit stort informasjonsbehov, rapportering og koordinering med overordna mynde, all logistikk med vaksinering med svært kort haldbarheit, for å nemna noko. Dette har vore krevjande, men dei har utført dette på eit framifrå måte.

Regjeringa har innført reglar og retningslinjer det siste året som har vore inngrapande i liva våre. Kommunen har og vore veldig restriktive i å innføra lokale reglar som har medført ytterlegare innstrammingar. Alle inngrapande tiltak

har ein konsekvens, og dei mest sårbare vert oftest råka av desse. Dette har vore krevjande saker, også for kommunen, og noko som me fokusera på framover også.



Sjølv om me ser teikn til ein normalisert situasjon, vil me ikkje koma attende til

slik verda såg ut før mars 2020 på lenge. Sommaren 2021 vert, slik som 2020 var, ein sommar for Noregsferie i stor grad for oss. Me har utruleg mykje fint å sjå og oppleva i Noreg, og me kan vera stolte av det me har i Eidfjord og.

Naturopplevingane i Eidfjord seier seg sjølv. Utover naturen har me vore flinke på å fokusera på mat. Me har og mange gode eteplassar frå fjord til fjell. Opplevingstilbod har me og mykje å tilby, både på fjorden og langs Rv. 7. Dette er kortreiste ferietilbod me alle kan nytte oss av og på den måten bidra til at dei er der når og den utanlandske marknaden kjem att.

Ha ein riktig god sommar i Eidfjord!

Anders Vatle  
-ordførar-



Foto: Gunnhild Sandvin

# Innhold

- 5 Besøk pianoet ved fjorden!**
- 8 Turist i eiga bygd – bli med oss på tur!**
- 11 Nytt liv i Eidfjord Kaffistova**
- 12 Førskulegruppa i Modnen barnehagen**
- 15 Korleis er det å vera ungdom i koronatida?**
- 16 Rebecka Friis (25)**
- 19 Strikkhopp med Barbie**
- 20 Klima- og miljøarbeid i kommunen**
- 22 Klipp hekk og busker**
- 24 Stortingsvalet 2021**
- 26 Næringsprisen 2021**

Foto: Åshild Djønne Eriksen

**EidfjordNytt**  
vert utgjeven av  
Eidfjordkommune,  
5783 Eidfjord

**Heimeside:**  
[www.eidfjord.kommune.no](http://www.eidfjord.kommune.no)  
Tlf: 53 67 35 00  
Fax: 53 67 35 75  
**Epost:**  
[postmottak@eidfjord.kommune.no](mailto:postmottak@eidfjord.kommune.no)

**Redaksjonsnemnd:**  
Eidfjord Kommune

**Grafisk Produksjon:**  
VOSS PRENTEVERK AS





Å spela 4-hendig klaver er veldig kjekt.



# Besøk pianoet ved fjorden!

Tekst og foto: Ingerid Jordal

**B**esøk pianoet ved fjorden og del bilete, så er du med på eit kunstprosjekt. Måndag 1. mars vart det gamle Grøndahl-pianoet frå Lægreid skule, plassert på ein traktor og frakta ned til fjorden. Bak rattet sat ordførar Anders Vatle, og bak prosjektet står kunstnargruppa Harding Puls.



Dette pianoet elskar musikk og vil at alle skal spela på det. Slik, ja.

Nede ved fjorden ved innfarten til sentrum skal pianoet stå i eit heilt år i ver og vind, og utplasseringa var startskotet for prosjektet #ARVESYLV.

– Uff, det gjør heilt ilt, seier Inger-Kristine Riber, leiar av harding Puls og sjølv pianist. Ho veit godt at pianoet snart er øydelagd som instrument, og kva meir som skal skje med det, veit ho heller ikkje. Det er litt av poenget.

Når ein no kører gjennom Eidfjord vil ein lett få auge på instrumentet, som står godt synleg plassert nede langs fjorden. I løpet av året vil Harding Puls dokumentera prosessen gjennom film, lydopptak og bilete.

Sommaren 2022 resulterer det heile i ein kunstfestival ei helg i Eidfjord, der det mellom anna vert eit spesialskrive verk for piano der desse opptaka vert nytta. No håper Harding Puls at folk i Eidfjord får glede av pianoet, og ynskjer gjerne at folk engasjerer seg.

– Det er kjekt når folk deler bilete, me har fått mange kreative motiv inn på instagram @hardingpuls. Og hugs, det er lov å ta på pianoet, det er lov å spela på det om det framleis er mogleg. Me har satt det ut og det er opp til folk å bruka det som dei vil.

Hærverk kan og skje, og det vil ikkje verta meldt.




Ordføraren brukte hestekreftene sine og fekk pianoet trygt plassert.

– Alt som skjer med pianoet er ein del av prosessen. Å setja ut pianoet er jo ikkje eit kunststykke i seg sjølv. Kunsten vert skapt undervegs gjennom året, når me ser endringane som skjer og dokumenterer desse. Og kva dei endringane vert, har me ingen aning om.

Prosjektet er mellom anna eit innspel til diskusjonen rundt forbrukarsamfunnet. Pianoet som no står nede ved fjorden, var også på veg til skraphaugen.

– Me vil stilla spørsmål til forbrukarsamfunnet, og til oss alle, om det at me i dag er villige til å kasta flotte og fullt brukande instrument. Dagleg ligg fleire hundre piano ute på finn.no, dyre og gode instrument som folk berre gir vekk, fordi det ikkje passar inn i stova eller slike ting. Det seier noko om bruk- og kast-mentaliteten. Tenkjer me over ansvaret som ligg i å ta vare på slike ting, eller er det slik at det opphavlege pianoet er vorte overflødig, spør Riber.

**Har du sett pianoet? Ta gjerne eit foto og tagg #arvesylv eller #hardingpuls**



## Få full oversikt med IHM-appen!

No kan du enkelt sjekke tømmekalenderen på mobilen og få påminning når det er din hentedag. I den nye appen finn du også oversikt over hyttereturpunkt, miljøstasjonar og opningstider. Last ned appen i App Store eller Google Play. Treng du hjelp til å laste ned Appen, finn du rettleiar på ihm.no eller du kan ta kontakt på telefon, så hjelper me deg.

Logolink




56 52 99 00 | ihm@ihm.no | www.ihm.no

**På naturen si side**

# Galleri N.Bergslien

# 2021



## UTSTILLARAR:

- 31.04 – 20.06 Studentutstilling Institutt for samtidskunst UiB  
24.06 – 22.08 Kari Pernille Rosfjord  
27.08 – 10.10 Solfrid Aksnes

## OPNINGSTIDER:

- 01.05 – 20.06 Lavsесong ope laurdag/sundag kl. 12 – 16  
21.06 – 22.08 Høgsesong ope tysdag – sundag kl 11 -17  
23.08 – 10.10 Lavsесong ope laurdag/sundag/cruiseskip kl. 12 – 16

**GALLERI  
N.B**  
*N.Bergslien*

Eidfjord i Hardanger, [www.eidfjord.kommune.no/tenester/kultur-idrett-og-fritid/kultur/kunst/galleri-n-bergslien/](http://www.eidfjord.kommune.no/tenester/kultur-idrett-og-fritid/kultur/kunst/galleri-n-bergslien/)

# Turist i eiga bygd – bli med oss på tur!

Tekst og foto: Marit Stadheim

**H**ar du lyst å sjå og høyre meir om Lægreid med Trebua, Ismarhaug, Eidfjord gamle kyrkje og vikingutstillinga til Ravenheart? Eller om gravene frå jern- og vikingalderen på Hæreid? Eller Øvre Eidfjord med Norsk Natursenter, Varbergshaugen, Steinberg og Lundarland?

Det sikkert fleire i Eidfjord som tenkjer at det blir altfor sjeldan at ein besøkjer det som er nærest, difor inviterer me til å vera turist i eiga bygd! Både innbyggjarar

og hyttefolk er herved invitert! Me gjer dette i samarbeid med andre eidfjordingar som er med og fortel på turen. For fleire år sidan arrangerte turistkontoret ein busstur

rundt om i kommunen. Pga. pandemien kan me nok ikkje by på ein busstur i år, men gåturar kan me tilby, og ein tur med privatbilar.



Trebua.

## Tur I Rundt Lægreid

Me møtast ved turistkontoret kl. 17:00, spaserer forbi den flotte og unike strikketrealleèn vår, og fyljer den blå turstien vidare. Me passerer m.a. utgravingsfeltet og den nye brannstasjonen før me legg inn eit stopp i Trebua. Olav Bu informerer om verkstaden til Anders Aasen og sitt eige virke. Vidare går me innom Eidfjord gamle kyrkje, og me får høyra litt om Ismarhaug.

Neste stopp er på Tunet på Haugen, der me besøkjer vikingutstillinga til Claudia og Mark. Som avslutning kan me stikka innom Dolce Vidda Iskremeri og kjøpa is, før me går kvar til vårt.

## Tur II Rundt Hæreid

Me møtast ved turistkontoret kl 17:00. Me starter turen med å gå via cruisekaia og Ostangen, så vidare langs elva til Eidfjordvatnet. Me går opp Vassbakkane til Hæreidplataet og får informasjon om gravene frå jern- og vikingalderen. Me endar opp ved ein av serveringstadene, kjøper oss noko godt å drikka og nyt utsikta her i vakre Eidfjord.



Vikingutstilling av Ravenheart Hardanger.

## Tur III Øvre Eidfjord

Me møtast på turistkontoret kl 1630, køyer privatbiler til Øvre Eidfjord og parkerer ved Norsk Natursenter. Etter film og besøk i den flotte utstillinga, går me stien bak natursenteret til Varbergshaugen og vidare ned til Steinberg bru. Derifrå går me over skytebana og ned stien langs Lundaland og tilbake til Hardangerviddahallen, der

me kjøper oss noko godt å drikka før me reiser heim.

Dersom du tykkjer dette høyrast kjekt ut, så blir me glad for ei tilbakemelding frå deg, og me finn ein dato som passar. Ta kontakt med oss på telefon 53673400 eller epost [turistinfo@visiteid fjord.no](mailto:turistinfo@visiteid fjord.no).



Norsk Natursenter.



Ingunn Lægreid og barnebarnet.



# Nytt liv i Eidfjord Kaffistova

Tekst: Elsa Garatun

**H**otlekafeen var namnet som vart brukt på folkemunne. Knut og Synnøva (Synva) Lægreid dreiv kaféen i 30 år, frå tidleg på 50-talet til ca 1983-84. Alle eidfjordingar over ein viss alder hugsar nok kaféen, - med jukebox, iskrem og brus, og skillingsbollane til Synva. Ho var snill og tålmodig og skjente ikkje, sjølv om ungane bråka. Seinare var det mellom anna blomebutikk der i eit par år på 90-talet.



Ingunn og Torbjørn Lægreid tek no vare på huset etter foreldra. I det siste har Torbjørn bygd om og pussa opp. Såleis har Ingunn fått eit høveleg lokale, der ho kan selja eigen og andre sine kunst- og handverksprodukt, og masse anna spanande. Ho driv butikken saman med ektemannen, dei er begge pensjonistar og bur delvis i Eidfjord.

Rosestova heiter den trivelege butikken, som må vera eit funn for både bygdafolk og turistar.

Her er det eit fargerikt utval av varer og souvenirar, dette er heimelaga, og ikkje noko kina-produisert! Det er Os-rosemåling, som er heilt ulik anna norsk rose-måling. Det er handmalte skifertskilt, steintroll, sauer, handstrikk ting. Det er óg lokale matvarer som honning, syltetøy og sjokolade å få kjøpt.



Heimestrikk selbuvotter

Til og med ein Retro-krok er det plass til.

Kaffi og anna drikke kan kjøpast, med noko Covid-19-venleg snop attåt.

Ingunn har planar om å opna Rosestova i mai. Det vert heilt sikkert eit populært innslag i sentrum. Gledeleg å sjå at det er liv i det fine, gamle huset.



Bak frå venstre: Oliver, Ella og Theodor Noel. Framme frå venstre: Olav Emiil, Jenny, Oddmund, Lars, Charlotte Valentine, Linnea og Anna.

## Forskulegruppa i Modnen barnehagen

Tekst og foto: Grete Næss

**D**ette året er det 10 barn i forskulegruppa i Modnen barnehage. Det er ein aktiv, nyfiken og veldig kjekk gjeng bestående av fem jenter og fem gutter. Saman med barnehagelærarane Jøran Tvedt og Grete Næss kjem dei saman til forskulegruppe ei veke i månaden, no sist var me så heldige å få to veker saman.

Me har då base inne i samfunnshuset. Der har me laga til eit leikemiljø som innbyr til både fysisk og kroppsleg leik, rolleleik og ulike finmotoriske bordaktivitetar. I tillegg er me sjølv sagt mykje ute, både i skogen ved barnehagen, og på tur i nærmiljøet. I løpet av dei siste månadane har me hatt fleire fine turar rundt om i kommunen, både til Øvre Eidfjord, Bu, Blurnes og Simadal.

I Modnen barnehage er hovudfokuset i forskulegruppa aktivitetar som fremjer god sosial kompetanse. Sosial kompetanse handlar om evna til samarbeid, sjølvheving, sjølvkontroll, empati og å syna ansvarlegheit.

Barn som har empati og omsorg for andre i barnehagen kan ta med seg desse eigenskapane og dei gode erfaringane vidare til





andre arenaer som skule og fritidsaktivitetar. Det å tilpassa seg sosialt og trivas er viktige byggesteinar for læring og utvikling, og sosial kompetanse hjå barn vil bidra til eit godt læringsmiljø for alle.

Å leggja til rette for leik, aktivitetar og prosjekt som borna interesserer og undrar seg over, og som skapar samhald i barnegruppa er difor viktig.

Å arbeida med venskap og inkludering er ein stor og viktig del av barnehagekvarдан. Det er nulltoleranse mot mobbing, og

alle vaksne som arbeider i barnehagen har aktivitetsplikt om ein ser uønska atferd.

Andre tema som me jobbar med i førskulegruppa er: Antall/rom/form, natur/miljø/teknikk, IKT og digitale verktøy, trafikkopplæring, fysisk aktivitet, kunst/kultur og kreativitet.

Til vanleg har me eit tett samarbeid med Lægreid skule om overgangen frå barnehage til skule. Saman har me utarbeidd ein plan for denne overgangen som går ut på at me gjennomfører felles aktivitetar

for førskulegruppa og 1.klasse. Til dømes at førskuleborna kjem på skulebesøk, 1.klasse kjem på besøk i barnehagen, felles turar og aktivitetar.

Grunna coronasituasjonen har det dessverre vorte avgrensa kva me har kunne gjennomført saman dette året, men me har planar om å møtast til felles aktivitetar og leik ute framover våren. Det gler me oss til!!

# Korleis er det å vera

Sluppe Unna Slit  
Karantene Ann  
Repetetivt 1  
Nytt Bale Boble Lær  
Lei Eins  
Kaffe Hel  
Kjedelig Jæv  
Mindre Sosialt Spr  
Tørre Hender Tri  
Digitalt Tungt

Uvant Kjedeleg  
Musikk Dalgona  
Usikkert Jævlig  
Jævlig Kjedeleg  
Roleg Seriar  
Bale Boble Lær  
Nytt Bale Boble Lær  
Repitetivt 1  
Lei Eins  
Kaffe Hel  
Kjedelig Jæv  
Mindre Sosialt Spr  
Tørre Hender Tri  
Digitalt Tungt

Kjed

Deprim

# ungdom i koronatida?

Smitte FaceTime  
 samt Spesielt  
 -eis Netflix  
 -2Meter Demotiverende  
 eleg Maske  
 erikt Aleine  
 erande  
 samt Rart Stille  
 IngenKlemmar Litemotivasjon  
 dig Mykje Familie  
 Isolasjon  
 lig Interessant  
 cit Vanskeleg  
 st Avstand

Her har ungdom sagt litt om kva dei tenker om det å vera ungdom i koronatida.

Ordskya er sett saman av Matilde Myklatun Hole, nestleiar i Eidfjord ungdomsråd.

# Rebecka Friis (25)

## ÅRDGJEVAR DRIFT & FORVALTING

Tekst: Glenn Wiik Foto: Magnus Innvær

**Det er ikkje ofte Eidfjordnytt har presentert ein ekte arkeolog, men denne gongen har me glede av å snakka med Rebecka som har vore her sidan 1.desember 2020.**

Ho har ein mastergrad i arkeologi, noko som tek 5 år, og var eitt år hjå fylkeskommunen i tidlegare Sogn og Fjordane som feltarkeolog før ho kom til Eidfjord. Feltarkeologi handlar om å sjå både detaljer og det store biletet. Ein må vera strukturer og ryddig, samt flink til å formidla det ein held på med. Arkeologi er eit tverrfagleg fag der ein ofte må vurdera ting innanfor geologi, botanikk, klima og eigartilhøve i historisk og nyare tid. Mange erfaringar frå dette arbeidet tek Rebecka med seg i arbeidet for Eidfjord kommune.

Hovudoppgåvane til Rebecka er arbeid med arealplanleggjring, kartarbeid og offentleg forvaltning. Som arkeolog har ho sjølv sagt alltid eit auge på moglege interessante stader i kommunen. Eidfjord har lenge vore viktig for universitetet i Bergen. Arkeologiske utgravingar og viktige funn frå tidleg busetnad og ikkje minst frå vikingetida har sett Eidfjord på kartet for alle som er opptekne av kor og korleis dei første menneska etablerte seg i landet etter siste istid, kva dei levde av og korleis ulike næringar har utvikla seg fram mot vår tid.

Rebecka vil også ta i bruk moglegheitene til friluftsliv som me har i kommunen. Ho har teke jegerprøven og håper på spanande turar i høgfjellet til hausten. Ho har hund, så turar i lokalmiljøet vert det mange av. Er det dårleg ver, kosar ho seg med strikking. Med allsidige interesser, tilpassa dei fleste årstider og vermeldingar, er det ikkje vanskeleg å nytta tida til kjekke aktivitetar.



### God sommar frå oss på Yx Eidfjord

**Me har gass til grillen og brusmaskinen.  
Kaffe og te til mann og kvinnen.  
Slush og frappe til varme kropper.  
Både små, middels og store koppar.  
Me har ellers masse til bilen.  
Som ladere til mobilen.**

**Kom innom til ei hyggelig handel.**

**Åpent kl:**      **08.00 - 22.00 Man - Fre**  
**09.00 - 20.00 Lørdag**  
**09.00 - 22.00 Søndag**

**Åpningstidene gjelder fra 21 juni til ut august**

Eidfjordvegen 269, 5783 Eidfjord. E-post: [eidfjord@st.yx.no](mailto:eidfjord@st.yx.no). Tlf: 47 97 03 06

Din stasjon




# Yx Eidfjord !

# Tildeling av kunstnarstipend for 2022

Tekst: Bergljot Maria Veivåg Hauso

**Eidfjord kommune sitt kunstnarstipend for 2022 går til HardingPuls med prosjektet Fjord Pianorama. Om prosjektet skriv HardingPuls: Fjord Pianorama er eit nyskapande kunst- og utøvingsprosjekt der gode piano, som vert lagt ut på finn.no under -gis bort-, er bakrunnen for prosjektet.**

Me vil setja fokus på pianoet sin plass i dagens digitale samfunn. Prosjektet inneheld både visuelle prosjektdelar og musikalske prosjektdelar.

Kunstnarane som vil delta i prosjektet er: Aud Bækkelund, Felieke van der Lest, Kwestan Jamal Bawan, Eli Raa Nilsen, Åse Berit Skeie Ulltang, Linda Lid, Johild Mæland, Els Geelen, Anne Hasvik, Silje Solvi, Judith de Haan, Solfrid Aksnes

Kunstnarstipendet for 2022 er på kr 40.000,- i tillegg kjem tilbod om utstilling i Galleri N.Bergslien sommaren 2022 samt opphold i kunstnarbustaden Bergsliskorane og kunstnarhusværet i Berlin.

## Rørslemalinger knytt til Turnalinuten

Tekst: Åshild Djønne Eriksen Foto: Arne Bu

NVE har oppretta rørslemalinger knytt til rørsler i Turnalinuten i Øvre Eidfjord. Det er målt w på 2-4 cm i året, og i den forbindelse er det satt opp eit radarhus som har kontinuerlege målinger ved Sæbø skule.

I påvente av endeleg fare – og risikoklassifisering har NVE og NGU sett på ein utløpsmodell for området og laga eit mellombells aksemomsområde.

Det er knytt uvisse til utløpsområdet, spesielt til det totale volumet og kor stort volum som vil gå ut i Eidfjordvatnet



Radarhus ved Sæbø skule



**Hardanger Energi AS**  
Din  
*Lokale kraftleverandør*

Få den beste avtalen lokalt ?

- og bidra til lokal verdiskaping

[post@kraft.hardangerenergi](mailto:post@kraft.hardangerenergi) Tlf 53 67 16 10

Ein del av:





Fire Barbie-dokker stilte opp som test-objekt i matematikk for 10. klasse. Foto: Liv Kristoffersen

# Strikkhopp med Barbie

Tekst: Liv Kristoffersen og Tonje Såkvitne

**T**orsdag etter påske troppa matematikklærarane til 10. klasse opp til undervisning utstyrt med eit knippe Barbie-dokker, gummistrikk og måleband. No skulle Barbie gjennomføra strikkhopp.

Elevane måtte berekna kor mange strikk dei trengte for at håret til Barbie akkurat skulle røra golvet. Før dei skulle gjennomføra det store strikkhoppet frå ein stad med stor høgd, måtte dei gjera korte testhopp og berekningar. Det vart gjennomført hopp med ein, to, tre, fire og fem strikk der dei målte så nøyaktig som mogeleg kor langt Barbie fall. Til dette arbeidet brukte elevane mobiltelefon og filma. Måla vart lagt inn i reknearket i GeoGebra, før dei køyrd ein lineær regresjon. No hadde elevane ein modell for strikkhoppa. Først brukte dei modellen til å berekna kor langt Barbie kom til å falla med seks og sju strikk. Desse måla vart testa ut i praksis og eventuell justering av modellen vart gjort. Vidare skulle dei bruka modellen for å berekna kor mange strikk dei skulle bruka til det store strikkhoppet. Det store strikkhoppet



Andrea og Knut Henrik ser på film for å finna nøyaktig mål i eit av testhoppa.  
Foto: Liv Kristoffersen



Aksel og Matilde plottar data og lagar modell i GeoGebra. Foto: Liv Kristoffersen

skulle gjennomførast frå toppen av trappegelenderet i hovudinngangen til skulen, eit fall på nesten fem meter. Målingar måtte vera nøyaktige og modellen god for at ikkje Barbie skulle skada seg under det store strikkhoppet.

Elevane arbeidde saman to og to med oppgåva og det vart gjennomført mange korte og lange strikkhopp.

Matilde i 10. klasse syntest det var kjekt å gjera noko heilt nytt.

– Det er gøy å gjera noko praktisk! Og det var faktisk litt gøy å finna fram Barbiedokkene igjen, fortel ho lattermildt.

Det var ei oppgåve som elevane syntest var utfordrande. Matilde fortel at ho og læringspartnaren måtte finna ut av det i lag, det var mykje prøving og feiling, men etter kvart fekk dei ein fin flyt.

– Det er ikkje ofte me har gjort mange små målingar for å lage ein modell, og verkeleg fått prøvd ut om me kan bruka måla til å rekna oss fram til eit større forsøk. Det

var verkeleg kjekt å kunna laga ein modell og sjå nytteverdien av matematikken. Store delar av tida møter me oppgåver i læreverk som kan vera litt kunstige, men her fekk me brukt kunnskapen vår ut til å løysa ei verkeleg problemstilling. Matematikktimane gjekk ekstremt fort, og eg er viss på at eg kjem til å hugsa denne matematikktimen, og kva me fekk til, i lang tid framover, avsluttar Matilde.

Matematikkoppgåva er ein modelleringsaktivitet. Det er ein del variablar elevane må ta stilling til undervegs i arbeidet. Elevane gjer ein situasjon frå daglelivet om til matematisk språk, handsamar problemet og oversett tilbake til den verkelege situasjonen att.



Elevane følgjer med på eit av dei store strikkhoppa. Rører håret til Barbie bakken? Er ho langt unna bakken? Skadar ho seg i fallet? Må elevane gjera endringar i modellen sin?  
Foto: Tonje Såkvitne

# Klima- og miljøarbeid i kommunen

Tekst: Timo Knoch

## STUDIESENTERET

Pandemien hadde og har ein enorm innverknad på utdanningssektoren; digital undervisning vart den nye kvardagen i høgare utdanning og mange konferansar og andre kortvarige kompetanse tiltak har flytta over på digitale plattformer.

Dette ville studiesenteret i Eidfjord ta høgde for. For å kunne tilby fleire digitale møteplattformer i undervisningsrommet vart det i fjor haust investert i ein ny mini-desktop-PC og kamerasystem. Anlegget

er no kompatibelt med dei mest brukte plattformane som Zoom, Skype og Teams.

Er du student på heimebesøk eller tar ei nettbasert vidareutdanning og vil fylgja undervisninga ein annan stad enn i stova

heime? Skal din bedrift delta på ein digital konferanse og du vil ikkje sitja på kontoret åleine? Ta kontakt for lån av møterommet på studiesenteret: timo.knoch@eidfjord.kommune.no, 97741715.



# KOMMUNEDELPLAN FOR KLIMA OG ENERGI

Menneskeskapte klimaendringar er ein av dei største utfordringane me står overfor i dag, både lokalt og globalt. I desember vedtok Eidfjord kommune ein ny Kommunedelplan for klima og energi som har som målsetjing å redusera lokale utslepp med 40% innan 2030.

Ei overordna målsetjing for planen er å sikra ein institusjonalisering, kontinuitet og strategisk tilnærming i arbeidet med klima og energi i Eidfjord kommune dei komande 10 åra. Planen har ei rekke tiltak i handlingsdelen og kvart år framover vil nokre av desse - eller nye - løftast fram som prioriterte tiltak.

## For 2021 er desse utvald:

- opprett av eit klimaråd
- miljøsertifisering av Eidfjord kommune etter hovudkontorprinsipp
- auka kunnskap om klimatilpassing

Arbeidet har koma godt i gang. Klimarådet er etablert med ordførar, rådmann, einingsleiarane for Drift &forvaltning og kultur, næring og berekraft og miljøfyrtaårnansvarleg som faste medlemmer. Mandatet til rådet er «å sikra eigarskap, forankring og gjennomføring av eit kontinuerleg klimaarbeid for å nå målet om å redusera klimagassutsleppa med 40% innan 2030. Aktuelle saker kan omhandla planar, prosjekt og tiltak som krev overordna forankring og tverrfagleg samarbeid. Dermed vil Klimarådet vera eit viktig diskusjonsforum for intern miljøleiing og kunnskapsutveksling.»


Miljøfyrtaårn-sertifisering etter hovudkontormodell har starta med utarbeiding av eit vedtaksnotat. Sidan 2018 er kommunehuset sertifisert og den obligatoriske re-sertifiseringa etter tre år er eit naturleg tidspunkt for å ta neste steg og sertifisera alle



kommunale einingar. Dette vil gje kommunen eit heilskapleg, strategisk verktøy for å måla klima- og miljøprestasjonar i eiga drift.

Klimatilpassing vart nemnd i den førre kommunedelplanen for klima og energi utan at konkrete kompetanse tiltak vart gjennomført. KS-rapporten Kartlegging av erfaringer fra arbeidet med klimatilpasning i små og mellomstore kommuner (2019) peikar på at «faktisk lokal innsats blir i stor grad utløst av negative hendelser; dvs. det er enklere å få til en etter-snar enn en føre-var strategi i klimatilpasningen.» Eidfjord kommune ynskjer difor å møta klimaendringar på ein planmessig måte og vurdera nye beredskapsmessige tiltak og andre tilpassingar ut frå forventa klimaendringar for kommunen og regionen - før skadar oppstår.

Me håpar at innbyggjarane og næringslivet vil delta aktivt i ein klimadugnad og vera med å forma Eidfjord si berekraftige framtid!



**Hardanger Økonomiservice AS**  
autorisert rekneskapsførarselskap · [www.hardanger1.no](http://www.hardanger1.no)

## Informasjon frå Statens Vegvesen



# Klipp hekk og busker

## – UNNGÅ ULYKKER OG REDD LIV

Bli med på en dugnad for å unngå ulykker i ditt nærområde.

Eier eller disponerer du en eiendom med  
avkjørsel til veg eller gang- og sykkelveg?  
Da har du ansvar for å sørge for fri sikt  
ved din avkjørsel (jf. Vegloven §31 og §43).


En temaanalyse av sykkelulykker viste at  
dårlig sikt var en medvirkende faktor i over  
30 % av dødsulykkene på sykkel.

God sikt er en forutsetning for at du skal  
få øye på gående og syklende som krysser  
din avkjørsel.

### Slik sørger du for fri sikt i avkjørselen din


#### Alternativ 1:

Høydegrense  
0,5 meter



#### Alternativ 2:

Flytting av  
gjerde/hekk





**Dårlig sikt er  
en medvirkende  
faktor i over 30 %  
av dødsulykkene  
på sykkel.**

Hvis avkjørselen din krysser gang- og sykkelveg må høyde på hekk og gjerde ikke overstige 0,5 meter over gateplan i frisiktsonen.

Klipp enten hekken din slik at den holdes under 0,5 meter (alternativ 1) eller flytt gjerde og/eller hekk utenfor frisiktsonen. Merket med rosafarge (alternativ 2).

Det må være 3 meter fri sikt inn i avkjørselen. Det betyr at når du står 3 meter inn i avkjørselen din skal du kunne se midten på gang- og sykkelvegen 30 meter til hver side.

Merk at frisiktsonen bør utvides utover 30 meter dersom gang- og sykkelvegen heller og syklistene holder høy fart.



## OPNINGSTIDER SOMMAR 2019

**Frå 24.06 – 31.08**

**Måndag til fredag  
kl. 09.00 – 20.00**

**Laurdag  
kl. 09.00 – 18.00**


**Frå 02.09 – 31.12**

**Måndag til onsdag  
kl. 09.00 – 18.00**

**Torsdag og fredag  
kl. 09.00 – 20.00**

**Laurdag  
kl. 09.00 – 18.00**

**GOD SOMMAR!**



# Stortingsvalet 2021

## Førehandsrøysting

Dersom du ikkje har høve til å røysta på valldagen, kan du røysta på førehand. Veljarar som ynskjer å førehandsrøysta, kan gjera dette f.o.m. torsdag 10. august til og med fredag 10. september. Det er veljarane sjølve som er ansvarlege for å gje førehandsrøysta si på eit tidspunkt som gjer at den kjem fram til valstyre innan valldagen 13 september.

Du kan også førehandsrøysta her i Eidfjord, sjølv om du høyrer til i ein annan kommune.

## Viktige datoar:

- Manntalet vert lagt ut til offentleg ettersyn frå midten av juli månad, eller så snart det er klart.
- Valldagen er mandag 13. september 2021.
- Vallokalet på kommunehuset i Eidfjord er denne dagen ope frå kl. 09.00-20.00.
- Tysdag 10. august startar mottak av førehandsrøyster på kommunehuset.

## Tidlegrøysting:

Dersom du ikkje har høve til å førehandsrøysta, eller røysta på sjølve valldagen, har du høve til å tidegrøysta frå 1. juli og fram til og med mandag 9. august.

Dersom du **MÅ** tidegrøysta, er det fint om du tek kontakt med dei valansvarlege på kommunehuset for nærmare avtale. Dette p.g.a. at alt valmaterialet ikkje er på plass enno, og det er midt i ferieavviklinga.

## Manntalet:

Manntalet i Eidfjord kjem til å verta lagt ut til offentleg etter-syn på kommunehuset.

Det er viktig å sjekka at du står i manntalet, då dette er eit krav for å få røysta.

## Valkort og legitimasjon:

Nytt i år er at alle får tilsendt valkort digitalt. Unntaket er om du har reservert deg mot digital post. Du treng ikkje ha med valkortet for å stemma, men det går raskare med stemmegjevinga dersom du har det med. Husk å ta med legitimasjon ! Du må legga fram legitimasjon om røystemottakar ikkje kjenner deg!

# Parti som stiller til val Stortingsvalet 2021

**Oversyn over parti som stiller til val Stortingsvalet 2021. Dei fleste parti kjenner me frå før, men nokre er nye.**

**Det er totalt 22 parti:**

- Senterpartiet
- SV – Sosialistisk Venstreparti
- Høgre
- Kristeleg Folkeparti
- Alliansen – Alternativ for Norge
- Piratpartiet
- Raudt
- Partiet sentrum
- Venstre
- Miljøpartiet De Grøne
- Arbeiderpartiet
- Industri- og næringspartiet
- Pensjonistpartiet
- Fremskrittspartiet
- Liberalistane
- Partiet De kristne
- Folkeaksjonen Nei til meir bompengar
- Demokratane
- Helsepartiet
- Norges Kommunistiske parti
- Kystpartiet
- Generasjonspartiet

## Kontaktpersonar i Eidfjord:

Kommunestyret har vedteke å oppnemna formannskapet som valstyre. Ordførar Anders Vatle er leiar, og varaordførar Aslak Martin Lægreid er nestleiar.

Valstyret har oppnemnt desse valmedarbeidarane til å ta imot førehandsrøyster, og elles gje meir informasjon:

Johanna Maria Hereid, Monica H. Hereid, Ingrid S. Ukvitne, Linda Ågotnes Kaland, Inge Kuijf, Britt Langøy, Marta Lirhus, Knut Ingar Myklatun, Åshild Djønne, Bergljot M. Veivåg.

Pga. Covid-19 situasjonen er det utarbeida ein smittevernveileiar for valgjennomføringa i Eidfjord slik at alle skal få høve til å røysta sjølv om ein er i karantene eller isolasjon. Meir informasjon vedk. dette kjem når valet nærmar seg, og me veit meir om status på smittesituasjonen.

Dersom du har spørsmål vedk. Stortingsvalet, ta kontakt med valansvarleg Johanna Maria Hereid, 53 67 35 32/959 74 532 For meir informasjon om Stortingsvalet 2021, sjå [www.valg.no](http://www.valg.no).

Dersom ingen av partia skulle friste, kan du også stemme blank stemmeseddel. Då har du fått brukt stemmeretten din.

**Godt val!**

Med venleg helsing  
Johanna Maria Hereid  
leiar for tenestetorget

## Valstyret har bestemt fylgjande stader for førehandsrøysting:

### 1. Kommunehuset

Frå og med tysdag 10. august – til og med fredag 10. september.

Opningstida er 08.30-15.00 på vanlege arbeidsdagar.

### Utvila tider:

Laurdag 4. september kl. 10.00-14.00  
Torsdag 9. september kl. 08.30-18.00

### 2. Bygdaheimen med omsorgsbustadar:

Torsdag 9. september kl. 10.00-14.00.

**Frist for søknad om ambulerande røystegjeving/heimerøysting vert sett til fredag 10. september kl. 10.00 (Fristen er sentralt sett i heile landet pga. Covid-19).**

# Næringsprisen 2021

Tekst: ordførar Anders Vatle

**E**id fjord kommune oppretta i 2007 ein communal næringspris. Føremålet med næringsprisen skal vera påskjøning og inspirasjon til næringsutvikling. Prisen skal omfatta initiativ, nyskaping og vidareutvikling av næringslivet- og miljø som gjev varige verdiar for lokalsamfunnet. Verksemder som aukar sysselsetjinga varig skal ha høg prioritet.

## For prisen skal følgjande kriterium leggjast til grunn:

- Miljøsatsing- og aktivitet/næringsutvikling som medfører positive ringverknadar
- Verksemder som skil seg ut med særleg god servicehaldning ovarfor brukarane
- Satsing som medfører marknadsføring/profilering av Eidfjord
- Kvalitet/likestilling/indre- og ytre miljø

I grunngjevinga for årets tildeling har juryen vurdert at firmaet møter desse kriteria på ein framifrå måte. Ein kan først sjå på formålet til føretaket som er:

«Lage og selje turopplegg innan friluftsliv, utleie kajakkar, mountain bikes og andre typar sportsutstyr, som naturlig høyrer sammen med aktivt friluftsliv.»

Vidare syner firmaet gjennom handling at dei tenker miljø, ein kan mellom anna syna til at dei nyleg er Miljøfyrtårnsertifisert.

På dei produkt dei tilbyr er det svært gode attendemeldingar frå brukarane over tid

Selskapet har teke i bruk eksisterande næringslokale i Øvre Eidfjord, bygd desse om for å tilby nye produkt og utvida eigen sesong.

Dei bidreg til å marknadsføra Eidfjord som ei aktivitetsbygd og bidreg og med kundar til andre firma i Eidfjord

Næringsprisen 2021 går til Best Adventures AS. Gratulera so mykje!



**coop  
marked**

## OPNINGSTIDER COOP MARKED EIDFJORD

Måndag	09.00 – 20.00
Tysdag – torsdag	09.00 – 18.00
Fredag	09.00 – 20.00
Laurdag	09.30 – 18.00

Utvila opningstid midtsommars

Måndag – fredag	09.00 – 20.00
Laurdag	09.30 – 18.00

**VELKOMMEN TIL EIN HYGGLIG HANDEL HOS OSS**




Foto: Gunnhild Sandvin

# 3 DAGAR I EIDFJORD 2021

## FOR DEN AKTIVE OG TURGLADE

### Dag 1

- Fjordkajakk med Best Adventures (3-timar)
- Fottur til botnen av Vøringsfossen
- Sjå Vøringsfossen og gå over den nye, spektakulære gangbrua frå Fossli

### Dag 2

- Sykkeltur til Simadal, (turistkontoret har sykkelutleige)
- Bratt fottur til Kjeåsen
- RIB-tur med Hardanger Fjordsafari

### Dag 3

- Besøk på Norsk Natursenter med panoramafilm og interaktive utstillingar
- Spasertur rundt Lægreid



## FOR DEN GODT VAKSNE

### Dag 1

- Spasertur til Eidfjordvatnet og rundt Hæreid med gravhaugar frå viking- og jernalder
- Besøk utsiktsplattformane ved Fossli med spektakulær utsikt over Vøringsfossen og Måbødalen
- Sidersmaking på eit av hotella

### Dag 2

- Fotosafari på Hardangervidda og ved fjorden med Hardanger Guideservice
- Vikingutstilling på Tunet på Haugen
- Galleri Nils Bergslien (ope laur-søn kl 12-16)

### Dag 3

- Besøk på Norsk Natursenter med panoramafilm og interaktive utstillingar
- Spasertur Sæbø – Lundarland – Steinberg bru – Sæbø i Øvre Eidfjord



## FOR DEN KULTURINTERESSERTE

### Dag 1

- Spasertur til Eidfjordvatnet og rundt Hæreid med gravhaugar frå viking- og jernalder
- Galleri Nils Bergslien (ope laur-søn kl 12-16)
- Spasertur rundt Lægreid der du passerer Eidfjord gamle kyrkje, Jakobskyrkja frå 1309, og Trebua, treskjerarverkstad og felemakarsamling (på forespør sel tel 91718521)
- Biltur eller fottur opp til Kjeåsen

### Dag 2

- Fotosafari på Hardangervidda og ved fjorden med Hardanger Guideservice
- Vikingutstilling på Tunet på Haugen

### Dag 3

- Besøk på Norsk Natursenter med panoramafilm og interaktive utstillingar
- Besøk Vøringsfossen og Fossli Hotel (Edvard Grieg var stamgjest, skreiv bl.a. Opus 66 her)



## FOR BARNEFAMILIAR

### Dag 1

- Spasertur til Eidfjordvatnet og rundt Hæreid med gravhaugar frå viking- og jernalder
- Prøv fiskelykka, fjorden er gratis for alle, året rundt.
- Kråkeskarvet med leikeapparat for dei minste og grill

### Dag 2

- Besøk på Norsk Natursenter med panoramafilm og interaktive utstillingar
- Gå langs elva i Simadal med gapahuk og bålpllass til pølsegrilling.

### Dag 3

- Vikingutstilling på Tunet på Haugen

For meir informasjon om aktivitetane, overnatting og spisestader, sjå [visiteidfjord.no](http://visiteidfjord.no)